



## Arne Kleppestrand

22. oktober kl. 22:19 · Ågotnes

Her er ein liten oppsummering av klubbrekordar og UM/NM-krav som er sett i Stavanger i går og i dag.

**Tobias Moen Olsen** satte ein fantastisk klubbrekord på 1500 m med 16.38,12. Kristian Blummenfelt hadde den gamle rekorden for senior og junior med 16.45,09 satt i 2011, mens Brage Straume hadde rekorden for yngre junior med 17.40,70 frå i fjor.

Tobias passerte 800m på 8.54,09 og det var også klubbrekord for yngre junior. Her hadde også Brage den gamle med 9.15,72.

I dag sette også Tobias klubbrekord for yngre junior på 400 m medley. Han symde på 4.55,68 som sletta den gamle rekorden til Brage på 5.01,54.

**Henriette Dale** sette ny klubbrekord for yngre junior på 200m fri med 2.13,80. Her hadde **Tina Schutz** den gamle rekorden med 2.16,57 som vart sett i Harstad i 2009.

Henriette sette også klubbrekord for yngre junior på 400 medley. Den nye rekorden er på 5.18,16 som er over 14 s bedre enn den gamle rekorden til Tina Schütz.

Tida til Tobias på 1500 m fri var like under UM-kravet, så han er no kvalifisert for to øvingar.

Henriette tok nytt UM-krav på 400 m medley og har dermed også to UM-krav.

Endeleg lykkast det for **Sander Olai Antun**. Han knalla til med ein pers på over 5 sekund, og fekk 2.31,57 på 200 m bryst. Dermed har han også eit UM-krav.

**Aslan Bentley** tok to nye UM-krav og forbedra eit han hadde frå før. På 100 m rygg symde han på 1.02,29 og tok nytt UM-krav. På 200 m fri persa han med 7 sekund og fekk den strålande tida 1.57,51 som er UM og jr-NM krav.

På 50 m fri var Aslan alt kvalifisert men han slo til med tida 24,66. Det er den tredje beste tida i årsklassa frå 2000 og yngre, altså UM-alder. Så Aslan blir absolutt å rekne med i kampen om UM-medaljer.



## Arne Kleppestrand

23. oktober kl. 17:26 · Ågotnes

Det vart også i dag nye klubbrekordar og UM-krav i Stavanger.

[Henriette Dale](#) har hatt spesiell framgang på crawl i det siste, og i dag synde ho 100 m fri på 1.00,39 og sletta dermed [Henriette Brekke](#) sin klubbrekord for yngre junior som var på 1.02,64. Denne rekorden vart sett på Kolbotn så langt tilbake som i 2001 og har overlevd lenge.

[Tobias Moen Olsen](#) satte også i dag klubbrekord for yngre junior. Denne gang på 200 m butterfly, der han forbedra sin eigen rekord frå 2.21,34 til 2.16,26.

Også i dag vart det nye UM-krav. Det mest gledelige var kanskje at [Silje Tvedt](#) tok sitt første krav på 200 m butterfly, der ho symde på 2.36,77.

[Sander Olai Antun](#) tok i dag sitt andre UM-krav, denne gang på 100 m bryst der han symde på 1.10,33.

Henriette Dale klarte UM-krav med minst mogleg margin på 100 m fri, der 1.00,39 er identisk med UM-kravet. Henriette har då 3 UM-krav.

Tobias var under senior NM-kravet på 200 m butterfly, men han hadde alt kravet frå langbane.

Aslan Bentley tok ingen nye UM-krav i dag, men grunnen var at han alt hadde krava på alle tre øvingane han symde. Også i dag persa han bra på alt og symde 100 fri på 54,25, 200 medley på 2.15,19 og 50 m rygg på 28,77.

Det var svært mange persar på dette stemnet, noko som tyder på god framgang i gruppene. Spesielt kan [Aslan Bentley](#), [Kristine Kleppestrand](#) og [Erlend Tvedt](#) nemnast, sidan dei persa på samtlege øvingar dei symde.

---